



# ***ÅRSMELDING***

**for**

***2004***

Handsama i Tysnes kommunestyre 10. mai 2005

UGGDAL, 18.03.05

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
05/00071	001963/05	001	FSK/PER/ESLI	

## ÅRSMELDING 2004

Innleiing .....	3
<b>1. ØKONOMI</b>	
1.1 Utvikling i frie inntekter .....	5
1.2 Utgifter og inntekter etter art .....	5
1.3 Renterisiko .....	6
1.4 Utvikling i kommunen sine fond .....	6
1.5 Oversyn over likvide midlar .....	7
<b>2. ÅRSRAPPORT FOR SEKTORANE .....</b>	<b>8</b>
2.1 Sentraladministrasjonen .....	8
2.1.1 Organisasjon .....	8
2.1.2 Politisk aktivitet .....	9
2.1.3 Økonomisk resultat .....	9
2.1.4 Oppnådde resultat .....	10
2.1.5 Samla vurdering .....	14
2.2 Undervisning .....	14
2.2.1 Organisasjon .....	14
2.2.2 Politisk aktivitet .....	16
2.2.3 Økonomisk resultat .....	16
2.2.4 Oppnådde resultat i høve til handlingsprogram .....	16
2.2.5 Samandrag .....	18
2.3 Helse og sosial .....	19
2.3.1 Økonomisk resultat .....	19
2.3.2 Utviklingstrekk i etaten .....	19
2.3.3. Helseavdelinga .....	20
2.3.4 Sosialavdelinga .....	21
2.3.5 Pleie- og omsorgsavdelinga .....	22
2.4 Landbruk- og teknisk etat .....	26
2.4.1 Organisasjon .....	26
2.4.2 Politisk aktivitet .....	26
2.4.3 Økonomisk resultat .....	26

## Innleiing

Kommunen tok til med å arbeida ut årsmelding i 1988.

I arbeidet med gjeldande kommuneplan var det eit delmål å få samordna arbeidet med årsmeldinga med budsjettarbeidet og med framtidig rullering av kommuneplanen. Vona er at ei slik samordning skal gje vinstar både når det gjeld effektivitet og kvalitet. Årsmeldinga for 2003 framstod som ein mellomting av det opplegget me tidlegare hadde og malen det var lagt opp til. Me fekk gode tilbakemeldingar på denne årsmeldinga, og meldinga for 2004 vert derfor skoren nokolunde over same leist.

Det er etter kvart mange kommunar som har vorte svartelista av fylkesmannen etter at år med overforbruk og mangelfull økonomisk styring har ført dei ut i ein svært vanskeleg økonomisk situasjon. Mellom anna grunna nøysemd, lojalitet til budsjettvedtak og dyktige og fleksible tilsette har Tysnes til no klart å halda driftsresultatet på plussida. Dette har likevel vorte vanskelegare år for år, og det har allereie i fleire år vore ei sams forståing mellom politisk og administrativt hald om at driftsnivået må ned. Utfordringane ved å skjera ned og omstilla drifta av kommunen er store. Det er ikkje lett å kutta i i utgangspunktet positive tiltak. Ostehøvelprinsippet har allereie vorte brukt så lenge at vidare høvling lett kan medføra urealistiske tilhøve på mange område. Dei ”lettaste” kutta er allereie vedtekne/gjennomførte. – Og desse har for mange vore smertefulle nok.

Det har dei seinare åra vore fokusert på at kommunen må kvitta seg med ein del gamle bygg som ein ikkje sjølv bruker. Dette er ofte meir komplisert enn me skulle ha grunn til å tru, då det er mange problemstillingar som dukkar opp kring fleire av eigedomane. Sør-Reksteren skulehus og Flatråker skulehus vart selde i meldingsåret. Det vart like eins inngått avtale om sal av meieribyggjet, men her er overdraginga enno ikkje gjennomført.

I samband med skissert framtidig aktivitet på næringsområdet i Nedrevåge, har kommunen arbeidd vidare for å få rusta opp fylkesveg 78 mellom Hodnanes og Nedrevåge til naudsynt standard og å få finansieringa av dette prosjektet på plass.

Kommunen var i meldingsåret elles økonomisk involvert i vegutbetringar på Hollekim, i Eredalen og ved Lønshaugen. Til liks med den planlagte opprustinga av fylkesveg 78 er dette i utgangspunktet ikkje kommunen sitt ansvar. Men utbetringar av vegnettet er nært knytt til utviklinga av lokalsamfunnet elles og derfor kan kommunen i einskilde høve sjå seg nøydd til å ta tak i utfordringar også utanfor eige ansvarsområde.

Eit anna kommunikasjonsprosjekt der kommunen har vore involvert er innan utbygging av breiband. I og med at storsamfunnet har ei marknadsstyrt tilnærming til utbygging av slike kommunikasjonsliner, er me heldige som har eit lokalt kraftlag som har gripe tak i utfordringa. Kommunen er saman med Tysnes Sparebank medspelar i denne prosessen, og då i første rekkje med eit visst økonomisk bidrag.

I juni 2004 vart arealdelen til kommuneplanen vedteken.

14. august 2004 opna Tysneshallen dørane. Etter ein del om og men, mellom anna utifrå regelverket for momskompensasjonsordninga, vart det vedteke at hallen skal eigast og formelt sett drivast av kommunen. Tysneshallen har vorte mykje nytta frå første stund og ser ut til å vera ein naturleg og populær samlingsstad og møteplass i mange samanhengar.

Tysnes Industri, der kommunen er største eigaren, kom óg på plass i eige nybygg i meldings-året.

I 2004 vart det elles arbeidd ein heil del med å finna fram til ei god og tenleg revisjonsløyising med dertil høyrande sekretariatsfunksjon etter gjeldande lovverk. - Sekretariatsløyisinga kom som kjent på plass i mars i år. Kommunestyret vil seinare i vår få seg førelagt ei sak for val av revisjonsløyising etter innstilling frå kontrollutvalet.

Ved utgangen av 2004 var innbyggjartalet 2825. Dette er ein rimeleg gledeleg auke på eitt år frå 2812.

## **1. Økonomi**

Rekneskapen for 2004 er avslutta i balanse.

### **Usikker inntektside i 2004:**

#### **Rammetilskot**

Rammetilskot frå staten vart budsjettert med kr. 55.335.000.

Våren 2004 vart det kjent at kommunen hadde ei negativ utvikling i folketalet. Dette medførte ein reduksjon i rammetilskotet på over 2 millioner kroner. Det vart føreteke ei budsjettregulering der ein reduserte rammetilskotet (inntekta) med kr. 2.440.000. Dette vart gjort ved at budsjettert momskompensasjon vart auka med 0,5 mill.(frå 3 mill. til 3,5 mill).

Vidare vart summen som skulle dekkja lønsauke og pensjon redusert med ca. 1,9 mill. (frå 5 mill til ca.3,1 mill). Spørsmålet vart då sjølvsagt om restsummen på 3,1 mill. var nok til å dekkja lønsauken.

#### **Statleg tilskot til ”tunge” brukarar**

Tysnes kommune hadde budsjettert med 2,3 mill i inntekter for ”tunge” brukarar. Kommunen fekk kr. 1.786.000. Her regulerte me den budsjetterte inntekta ved å redusera utgiftene til renter og avdrag.

#### **Skatteinngang**

Sviktande skatteinngang på landsbasis gjorde inntektene usikre også på dette området.

Forliket i Stortinget i november gjorde at Tysnes kommune fekk tilført kr. 1.106.000 som kompensasjon for sviktande skatteinngang i 2004.

Overgangen til bruk av folketal pr. 01.01.04 (i rekneskapsåret) mot tidlegare 01.01. året før, har ført til stor uvisse for budsjettert inntekt.

Det har heller ikkje gjort det enklare å føresei inntektene ved at kommunen ikkje får vita inntekta/kompensasjonen for tunge brukarar før langt inn i rekneskapsåret.

## Utgifter

Utgiftene til Tysnes kommune utgjør ca. 140 mill. Av dette er lønsutgiftene kr.105,3 mill. i 2004. Tilsvarende var lønsutgiftene i 2003 kr. 98,2 mill.

Sjølvs om budsjettet vart regulert og potten til lønsauken vart redusert frå 5 til 3,1 mill., så greidde etatane å halda den budsjetterte ramma.

## Positive avvik

Integreringstilskot for flyktningar var budsjettert med kr. 1,5 mill. Rekneskapen syner at det kom inn over 2 mill.

Vidare har kommunen fått store inntekter av momskompensasjon på investeringar. Rekneskapen syner at det kom inn 3,767 mill. mot revidert budsjett på 3,5 mill.

Desse to områda gjev kommunen eit positivt avvik på ca. 800.000.

## Oppsummering

Dei positive avvika som er nemnt over - i tillegg til at alle etatane har hatt fokus på å halda utgiftssida nede, gjer at Tysnes kommune også for 2004 kan avslutta rekneskapen i balanse og faktisk har auka reservane litt. Dette er betre enn det me venta sommaren/hausten 2004.

Etatane sitt arbeid/fokus på å halda seg til dei tildelte rammene er svært positivt. Dei tilsette i kommunen skal ha ros for den innsatsen som blir lagt ned.

## 1.1 Utvikling i frie inntekter

Mill. kr.	Rekneskap 2004	Rev. Budsjett 2004	Budsjett 2004	Rekneskap 2003	Budsjett. 2003	Rekneskap 2002
Skatt	41,154	41,737	41,737	39,764	40,162	36,242
Rammetilskot	52,311	51,495	53,935	54,227	54,869	54,820
Momskompensasjon	3,767	3,500	3,000	0,548	0,5	0,835
Refusjon Reform 97/ Komp. Skulebygg	0,581	0,750	0,750	0,615	0,485	0,571
.Komp.sjukeh/omsb.	1,124	1,251	1,251	1,801	1,671	1,855
Skjønsmidler	1,400	1,400	1,400	3,600	3,600	2,900
Sum	100,337	100,133	102,073	100,555	101,287	97,223

## 1.2 Utgifter og inntekter etter art

Mill. kr.	Rekneskap 2004	Rev.budsjett 2004	Budsjett 2004	Rekneskap 2003	Budsjett 2003	Rekneskap 2002
Løn	105,3	104,3	99,1	98,2	92,9	94,6
Kjøp av varer	23,0	22,7	21,8	25,3	23,0	26,3
Kjøp av tenester	5,1	4,8	5,0	4,1	4,4	5,4
Andre utgifter	6,9	4,0	9,3	5,1	7,3	6,4

Sum utgifter						
utan renteutgift	140,3	135,8	135,2	132,7	127,6	132,7
Salsinntekter	23,9	22,8	22	21,8	19,4	21,2
Refusjonar	23,6	17,4	16,7	17,2	11,0	19,1
Overføringar	100,5	99,2	101,6	102,7	102,7	101,6
Sum inntekter	148,0	139,4	140,3	141,7	133,1	141,9

### 1.3 Renterisiko

1000 kr	Mill kr	Rente %	% av samla lånegjeld
Lån utan rentebinding			59 %
Tysnes spareb	9.366	6	
Husbanken	9.639	2,4	
Kommunalbanken	24.449	2,1	
KLP	1.138	2,65	
Fastrente til 2005	1.995/ 8.403	5,55 / 4,06	13,7
Fastrente til 2006	3.199 / 1.576	4,92 / 5,55	6,3
Fastrente til 2007	2.100	6,2	2,8
Fastrente til 2008	8.245	5,2	10,9
Fastrente til 2009	3.327 / 2.175	2,7/3,7	7,3
Gjeld i alt	75.612		100 %

### 1.4 Utvikling i kommunen sine fond

1000 kr	Rekneskap 2004	Rekneskap 2003	Rekneskap 2002
Bundne drifts-fond	7.810	6.680	6.157
Disposisjons-fond	12.229	11.814	9.011
Bundne investeringsfond	256	466	180
Ubundne investeringsfond	210	210	241
Sum	20.505	19.170	15.589

### 1.5 Oversyn over likvide midlar

1000 kr	Rekneskap 2004	Rekneskap 2003	Rekneskap 2002
Omløpsmidlar	23.404	25.253	31.032
Kortsiktig gjeld	22.308	18.629	21.387
Fondsavsetningar	20.505	19.170	15.589
Unyttta lånemidlar	6.248	5.993	814
Lån av likviditetsreserven	27.325	21.156	9.375
Udisponert overskot	1.668	2.618	2.618
Sum, netto	2.192	13.249	19.291

## Konklusjon

Ser me vidare framover er det nokre av postane som i 2004 har gjeve positive avvik som i tida framover vil ha ei svært negativ utvikling. Momskompensasjon på investeringar og integreringstilskotet for flyktingar hadde i 2004 inntekt på 5,8 mill. Desse postane vil om få år berre ha ei inntekt på ca. 1 mill. pr. år. Saman med auka utgifter til avdrag på lån - over 1 mill. i auke pr. år - vil dette vera hovudgrunnen til dei sterke omleggingane kommunen må gjera på driftsida dei næraste åra.

Som me ser er auka utgifter til avdrag på lån ei viktig utfordring på utgiftssida; og som dermed automatisk er med å ta ned driftsnivået på andre område. - Avdragsutgiftene vil mest truleg auka ytterlegare i året som me no er inne i. Dette har samanheng med at me gjennom året truleg må ta opp lån som kommunestyret klarerte for åra 2003 og 2004 - ca. 20 mill. kr. Dersom me også må ta opp dei låna som ligg i budsjettet for 2005, kjem me tilsaman opp i rundt 30 mill. kr. i lån berre for desse tre åra. - Det er så absolutt grunn til å minna om den formidable auken kommunen har vedteke i sin låneportefølje berre dei siste 9 åra. Pr. 31/12-95 hadde me lån med totalt 36.873 mill. kr. Dette utgjorde ca. kr. 13.000,- i lån pr. innbyggjar. Pr. i dag har me lån med kr. 75.612.000,-. Dette utgjør knapt kr. 26.800,- pr. innbyggjar. Tek me opp dei utsette låneopptaka for 2003 og 2004, får me ein total låneportefølje på 97,3 mill. kr. - Dette vil utgjera kr. 34.442,- pr. innbyggjar. Tek me med det som er føresett lånefinansiert i inneverande års budsjett, kjem me straks opp i 106,5 mill. i lån. Då er me oppe i kr. 37.700,- i lån pr. innbyggjar. Me vil då liggja noko over snittet i lånegjeld pr. innbyggjar for dei andre Hordalandskommunane utanom Bergen.

Me kan som dei fleste andre kommunane sei at ein viss del av låna våre er statssubsidierte, som t.d. ein del av skulelåna og omsorgsbudstadslåna. Det er óg rett at ein mindre del av porteføljen er mellomfinansiering over nokre år i påvente av tilskotsmidlar. Og ein del av den totale lånesummen er såkalla formidlingslån. Me kan óg ta med at renta p.t. er historisk låg. - Men uansett, korleis me snur og vender på det, er det Tysnes kommune som er lånansvarleg for ei så pass høg gjeld.

Framtidsvinklinga i årsmeldinga kjem vanskeleg unna å peika på denne mindre gunstige utviklinga for vår totale økonomiske handlefridom. Med ei lånegjeld på rundt 100 mill. kr. vil sjølv små rentehopp slå ut i heller store summar. - Noko kan nok "vinnast" her med dei "rette" kombinasjonane av fast-, flytande og "forsikra" rente m.v. Utfordringa vert her som elles å gjera dei "riktige" grepa til rettast mogleg tid.

Låneporteføljen vår har etterkvart vorte i høgaste laget. Dette, saman med at drifta av ein kommune krev relativt sett stor personalinnsats, gjer at det alt vesentlege av disponible driftsmidlar er bundne opp i renter/avdrag og løner/sos.utgifter.

Med ein tendens til reduksjon i dei frie inntektene for småkommunar som Tysnes, vert dette saman med det ovannemnde ei ikkje utbetydeleg utfordring å takla. Me bør óg merka oss at både talet på eldre og talet for barn og unge er venta å falla hos oss.

Me bør skapa oss ein betre handlefridom ved å redusera driftsutgiftene og om mogleg auka inntektene. For å lukkast i dette må me sjå nærare på ein del hovudstrukturar i den totale verksemda vår. Me bør óg ha eit "ope blikk" for gode løysingar saman med gode naboar.

Dei lovpålagde oppgåvene me har ansvaret for må løysast innan eit forsvarleg skjønn. Kommunestyret vil elles måtta ta endeleg stilling til strukturar, herunder til kva tenestoområde- og typar me framleis skal satsa på og til kva som skal nedprioriterast eller takast heilt bort.

Tysnes rådmannskontor, 5. april 2005

Audun Hovland  
rådmann

## 2. Årsrapport for sektorane

### 2.1 Sentraladministrasjonen

#### 2.1.1 Organisasjon

Sentraladministrasjonen har m.a. følgjande arbeidsoppgåver:

- saksførebuing og oppfølging for politiske organ
- overordna styring vis a vis etatane
- ekspedering av saker
- driftsansvar for kommunen sine økonomifunksjonar
- oppsyn med fellestenestene

Sentraladministrasjonen er delt inn i rådmannskontoret og økonomikontoret. I 2004 har begge desse kontora hatt stillingar i vakanse i heile eller delar av året. Dette medfører ikkje automatisk kutt i arbeidsoppgåver og fører naturleg nok med seg at det må prioriterast strengare i ein allereie travel kvardag. Ein del oppgåver vert ikkje utførte på grunn av manglande kapasitet.

Årsverk	faktisk 2002	faktisk 2003	faktisk 2004	plan 2005
Sentrale administrative funksjonar	9,0	8,7	8,3	8,3
Tenester: kultur, bibliotek, idrett miljø, flyktning og næring	4,9	2,6	2,6	2,6
Sum	13,9	11,3	10,9	10,9

Rådmannskontoret har hatt redusert bemanning i meldingsåret med totalt ca. 120 % stilling. Heimlane ved økonomikontoret var i meldingsåret reduserte frå 3,5 til 3,2 stillingar.

#### 2.1.2 Politisk aktivitet

Tal saker til politisk handsaming

Utval	2002	2003	2004
Kommunestyre	54	95	52
Formannskap	137	96	110
Adm	25	9	6



Klagenemnd	-	-	
Andre	2	6	15

### 2.1.3 Økonomisk resultat

#### Driftsresultat

År / mill. kr.	Rekneskap 2004	Budsjett 2004	Rekneskap 2003	Rekneskap 2002
Politiske utval	2,5	2,7	2,6	2,35
Adm.og leing formansk.kontor	2,4	2,5	2,7	2,5
Økonomi	2,25	2,05	2,25	2,3
Planarbeid	0,5	0,3	0,8	0,6
Fellesutg.service adm.lokale	2,3	7,1	2,9	2,9
Næring og samferdsle	0,7	0,6	0,9	1,2
Førebyggande tiltak sosial og helse	0,7	0,6	0,6	0,65
Naturforvaltning	0,15	0,05	0,1	0,1
Aktivitetstilbod b/u	0,25	0,2	0,2	0,2
Bibliotek	0,4	0,35	0,35	0,35
Idrett	0,7	0,4	0,2	0,3
Kunst og kultur	0,15	0,3	0,3	0,55
Kyrkja	1,1	1,0	1,5	1,5
Sum utg.	14,1	18,15	15,4	15,5
Sum inntekter	2,2	1,1	2,0	5,0
Netto utgift	11,8	17,0	13,4	10,5

#### Investeringar

År / 1000 kr	Budsjett 2004	Rekneskap 2004
EDB	271	271
Fleirbrukshall	3.000	15.300
Kyrkje div. invest.	700	1.822
Lokalhistorisk rom – Fleirbrukshallen	62	62
Sum investering	4.033	17.455

### 2.1.4 Oppnådde resultat

#### Administrasjon og leing

For å få meir ut av ressursane våre er me stadig på jakt etter betre måtar å gjera ting på. Målet er heile tida å finna ein balanse mellom budsjett, tenester og menneskelege ressursar. Nye løysingar kan innebera samarbeid med andre kommunar eller omorganiseringar av eiga verksemd. Me må og ha ei kontinuerlig vurdering av kva nivå me skal leggja oss på for å gje eit fullnøyande servicetilbod. Føresetnadene endrar seg heile tida. Med ein venta nedgang i talet på eldre er det naturleg å sjå på institusjonsdrifta. Med kort avstand mellom fleire skular er det eit spørsmål om me treng alle desse. Her kjem óg inn ein viss nedgang i barnetalet. Mange tankar kan vera tunge å tenkja, men så lenge spørsmålet er kvar me skal kutta heller enn om me skal kutta, må me ta det meste opp til vurdering.

## **Planlegging**

Ny arealdel i kommuneplanen vart vedteken i juni 2004. Det har elles vore arbeidd ein del med planar opp mot vegutbetringar i kommunen.

## **Personal**

Konsulent (personal), vikar, slutta i stillinga 30.11.04. Stillinga stod i vakanse resten av året.

Lokale lønsforhandlingar er truleg komne for å bli. Lærarane vart f.o.m. 2004 underlagt kommunal hovudtariffavtale. Kommunen jobba i 2004 målbevisst med korrekt handtering og framgangsmåte i samband med lønsforhandlingane. Men det er framleis ikkje utarbeidd konkrete system og prosedyrar for lønsfastsetjing.

Dei seniorpolitiske retningslinene vart følgt opp og forankra i kommunen så godt det let seg gjera.

Det har vore halde nettverksamlingar i samarbeid med trygdeetaten der tema har vore: "Inkluderande arbeidsliv".

Kommunen var inne i sitt 2. år utan tilsetjingsutval. Tilsetjingane vart føretekte av rådmannen etter at organisasjonane og etatsjefane har fått sakene til uttale.

## **Økonomikontor**

Økonomikontoret har driftsansvaret for kommunen sine økonomifunksjonar, herunder budsjett, rekneskap, skatt, løn og rapportering.

## **Flyktning**

I 2004 var det busett 22 flyktningar i kommunen. 2 personar vende friviljug tilbake til heimlandet. Dei fleste flyktningane i Tysnes er i fast arbeid og flyktningrekneskapen vert derfor positiv.

4 personar fekk tilbod om å delta i introduksjonsprogram frå 01.09.04. Flyktningkonsulenten har ansvar for kvalifiseringsprogram, individuelle program og handlingsplanar for kvar enkelt deltakar.

Informasjon frå næringslivet synte at dei større verksemdene ikkje hadde trong for den her aktuelle arbeidskrafta.

Planlegging av meir permanente og høvelege bustadtilbod bør vurderast.

## **Miljø og naturvern**

Miljøvernkonsulenten har i meldingsåret hatt eit særskilt fokus på avrenningsproblematikk både i høve til gamal fyllplass og i samband med utfordringar kring kloakkløysingar.

## **Beredskap**

Ny plan for kriseleing vart vedteken hausten 2004.

## **Næring**

Kommunen var medspelar i prosessen med overdraginga av Pyrox Produksjon til nye eigarar med meir lokal tilknytning, då opphavleg eigar trekte seg ut. Det var viktig for kommunen å vera med og sikra vidare drift. Elles har det vorte lagt ned ein del arbeid kring betring av kommunikasjonar. Dette er ein føresetnad for å halda på eksisterande næringsliv og for å vera ein aktuell kommune for nyetableringar. Opprusting av fylkesveg 78 er eit viktig prosjekt her, men ikkje minst òg breibandprosjektet som kommunen er med på saman med Tysnes Sparebank og Tysnes Kraftlag.

## **Kultur**

Sentrale oppgåver er m.a. tilskotsordningar, kulturvern, kulturformidling, generelt kulturarbeid, friluftsliv, reiseliv, barne- og ungdomsarbeid og planarbeid.

Klubbeiar i ungdomsklubben har vore mellombels tilsett i ca. 20 % stilling i perioden februar-mai og i ca. 10 % stilling i perioden september-desember.

## **Bibliotek**

Biblioteket har i 2004 vore bemanna med 75% stilling fram til hausten, då stillingsbiten på 8% som styrar ved Reksteren filial opphøyrd. Samstundes vart dei andre filialane i Lunde, Onarheim og Uggdal formelt lagde ned. Sidan hausten har biblioteket såleis disponert ei 67% biblioteksjefstilling, lokalisert til det nye hovudbiblioteket i Tysneshallen. Her vart det ein lengre innflyttingsperiode i nye lokale frå september. Ordinær drift kom først i gang frå januar 2005.

Mediabudsjettet til innkjøp av bøker, tidsskrift, aviser etc. var på 66.000,-.

Eit hovudmål i 2004 var å auka bokutlånet, som var på totalt 8060 bøker og andre medium mot 11 026 året før. Sjølv om tala ved første augnekast fortel om ein tilbakegong var det heller ikkje anna å venta, ettersom biblioteket heldt delvis stengt i fire månader. Slik sett tyder tala på ei positiv utvikling. Ut frå dei ressursane som har vore tilgjengelege for biblioteket, er det trass alt rimeleg grunn til å vera nøgd.

Samstundes som folkebiblioteket flytta inn i nye lokale opphøyrd samdrifta med skulebiblioteket. Folkebiblioteket vil likevel stå til disposisjon for skulen, m.a. med opningstid på dagtid to gongar for veka.

Biblioteket er såleis for tida inne i ein omstrukturingsfase. I nye lokale har biblioteket også fått eit nytt «konsept». Verksemda vil i hovudtrekk halda fram som før. I tillegg vil ein etter kvart freista å få til ymse arrangement. Det lokalhistoriske aspektet vert ei hovudsatsing for biblioteket frametter. Såleis vert det arbeidd for ei permanent Heggland-samling og ei lokalhistorisk samling, begge delar i samarbeid med Tysnes Sogelag. Sjølv om det vil vera naturleg for biblioteket å byggja opp og disponera ei lokalhistorisk samling, er ein likevel avhengig av eksterne midlar til ei slik drift. Tysnes Sogelag har såleis saman med Tysnes kommune søkt ABM-utvikling om økonomiske midlar.

Sjølv om biblioteket har flytta inn i moderne lokale, står det framleis noko att utstyrsmessig. Det er såleis å ønskja at lagringskapasiteten vert betra etterkvart. Automatisering av utlån og katalog på data, samt modernisering av det totale tilbodet står og sentralt i framtidsperspektivet.

### **Kulturvern**

Det er løyvt tilskot til dokumentarfilm om jåttsegjarane.

Det er gjort avtale om dataføring/registrering av stadnammaterialet frå Tysnes med Nordisk institutt, UiB.

Kommunen fekk overført kr. 55.000 i tilskot frå Hordaland fylkeskommune til SEFRAK-registrering i 2005. Arbeidet vil starte opp i løpet av april månad 2005.

Kulturseksjonen i Hordaland fylkeskommune har arbeidd med stadfesting av alder på ferdsleveggen og gravområdet i Uggdalsdalen. Feltdelen av prosjektet vart avslutta i 2004. Når resultat ligg føre vil fylkeskommunen i samarbeid med grunneigar og kommunen arbeida ut ein prosjektplan, som vil danna grunnlag for det vidare arbeidet.

### **Kulturformidling**

Kunstlaget Njardarlog driv utstillingsverksemd på Årbakka.

Tysnes kommune stør aktivt opp om dei laga og friviljuge som gjennom mange år har utvikla Årbakka Handelsstad til å verta den mest kjente turistattraksjonen i kommunen.

### **Idrett**

Det har vorte arbeidd med stønadsordningar, planarbeid, anleggsregistrering, kulturmidlar, spelemidlar, søknader og alt sekretærarbeid for Tysnes Idrettsråd.

Arbeidet i byggenemnda for Tysneshallen heldt fram til hallen sto ferdig 14. august 2004.

Revidering av kommunedelplan for idrettsanlegg og anlegg for friluftsliv har vore vidareført og planen vert truleg klar til handsaming første halvår 2005.

### **Friluftsliv**

Kommunen er medlem av Bergen og Omland Friluftsråd og betaler ein fast sum per innbyggjar i kontingent. BOF har opparbeidd og held vedlike 10 område.

Rydding, merking og vedlikehald av turstigar bør gjennomførast i samarbeid med lag, organisasjonar og skulane

### **Barne- og ungdomsarbeid**

Det har vore drift i Tysnes ungdomsklubb i vår- og haustsesongen. Ungdommens kulturmonstring vart gjennomført som vanleg i samarbeid med Stord, Bømlo og Fitjar kommune.

## **Generelt kulturarbeid**

Følgjande tilskotsordningar vart handsama og midlar fordelte: Rentestønad, oppstartingsstilskot, kulturmidlar, underskotsgaranti, leiaropplæringsmidlar og midlar til kontaktutvalet for ungdomslaga.

Det er viktig at ein sikrar eit godt samarbeid mellom kommunen og lag og organisasjonar, legg til rette for eit godt eksistensgrunnlag for laga og at ein stimulerer laga til å læra opp leiarar.

I 2004 deltok kommunen med 3 arrangement under Kystsogevekene:

Tysnesfestivalen med revy, konsert og blueskveld samla eit entusiastisk publikum i Saltebuo i Nedrevåge. Hovudarrangementet "Frå stabbur og fjord til mat og dekkja bord" vart i år arrangert i den nye Tysneshallen. Næringsliv, produsenter og lag og organisasjonar presenterte mat, drikke og tradisjonar. Det vart delt ut smaksprøver, sal av produkt, kunstutstilling og intimkonsert i vestibyle. Arrangementet vart avslutta med dans om kvelden. Kulturarbeidsgruppa hadde ansvar for planlegging og gjennomføring.

Konsulent har delteke på reiselivsmesse og vore representant i arbeidsgruppa for revidering av Prioriteringsliste for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland, og i arbeidsgruppa for Strategisk handlingsplan for reiselivet i Sunnhordland.

Det langsiktige arbeidet bør gå mot kulturbasert næring/reiseliv, kulturminne og planarbeid.

## **Samla vurdering**

Sentraladministrasjonen har dei seinare åra køyrt med reduserte ressursar utan at talet på oppgåver eller forventningane til korleis dei vert løyste har vorte reduserte tilsvarande. Fleksible, arbeidsame og dyktige tilsette gjer at det går sånn nokolunde rundt. Me må likevel innsjå at det er fleire område der me skulle gjort meir eller der saker vert liggjande lengre enn det me utifrå forvaltningslova eigentleg har høve til.

Heimesida til kommunen burde vore vidareutvikla og fått eit meir "levande preg". Dette ville på sikt gjeve oss vinstar. Men også dette er i høg grad avhengig av arbeidsinnsats/prioritering.

## **2.2 Undervisning**

### **2.2.1 Organisasjon**

Ansvarsområdet for skulekontoret har også i 2004 vore:

- ◆ grunnskulane m/SFO
- ◆ barnehagane
- ◆ kulturskulen
- ◆ vaksenopplæringa
- ◆ flyktningeundervisninga.

### **Grunnskulen:**

Kommunen har 5 skular, 4 med elevar på 1.-7. klassesteget og 1 med elevar på 1.-10. klassesteget.

Ved årsskifte 2004/05 var det totalt 390 elevar i grunnskulane i Tysnes, 269 på barnesteget og 121 på ungdomssteget. 40 elevar gjekk ut av 10.klasse våren 2004, og 39 elevar tok til i 1.klasse hausten 2004.

Tabellen nedanfor syner utviklinga av elevtalet på dei ulike skulane dei fire neste skuleåra med utgangspunkt i vedteken struktur.

	haust 05	haust 06	haust 07	haust 08
Lunde skule	36	36	29	26
Onarheim skule	36	38	37	33
Reksteren skule	12	14	14	15
Tysnes skule	123	94	102	97
Uggdal skule	61	62	61	65
Sum barneskulane	268	244	243	236
Ungd.skulen	133	149	126	114
SUM:	401	393	369	350

### Barnehagen:

Ved utgangen av 2004 hadde 126 barn plass i barnehagane i kommunen. Dette utgjer 80 % av alle barn i førskulealder (f. 1999 – 2003). Det er 29 barn under 3 år i barnehagane, av totalt 60 born i kommunen. (48 %). I aldersgruppa 3-5 år er det 96 born i barnehage (av totalt 97). (98 %).

Dekningsprosenten har endra seg lite i høve til 2003. Jfr tabellen nedanfor.

Dekningsgrad	2002	2003	2004
Under 3 år	45 %	48 %	48 %
Over 3 år	87,5 %	93 %	98 %
Totalt	75 %	80 %	80 %

Med utgangspunkt i fødselstala dei siste fem åra, tek me med ein tabell som syner barnetalet fordelt på krinsar:

Fødselstal	2000	2001	2002	2003	2004
Lunde	2	4	5	6	1
Onarheim	6	3	7	1	1
Reksteren	3	3	2	1	3
Tysnes	8	3	7	9	10
Uggdal	10	9	10	12	8
SUM	29	22	31	29	23

### Årsverk og tilsette:

I barnehagane har me hatt 23,7 årsverk. I skulane har det vore til saman 61,3 årsverk. Det er små endringar i høve til året før. I skulane har sjukemeldingsprosenten vore 2,7 % (statleg

avtaleområde) og 3,6 % (kommunalt avtaleområde). I barnehagane har sjukemeldingsprosenten lege på 6,8 %.

### 2.2.2 Politisk aktivitet:

Tal saker til politisk handsaming

Utval	2003	2004
Oppvekst/omsorg	11	10
Kommunestyret	3	3

### 2.2.3 Økonomisk resultat:

Her vert det synt til rekneskapan for 2004.

### 2.2.4 Oppnådde resultat i høve til handlingsprogram

I årsmeldinga for 2003 vart det teke utgangspunkt i handlingsprogrammet i kommuneplanen. Sidan handlingsprogrammet ikkje vart rullert for 2004, er det ikkje så enkelt å seia noko om oppnådde resultat i dette året. Men me vel stort sett å halda oss til same malen som vart brukt i 2003.

### Grunnskulen

- *Driva kampanje for trivsel og tryggleik i skulen*

Verksemdplanar og årsmeldingar frå skulane syner at arbeidet mot mobbing vert vidareført. Ein skule har arbeidd med Olweus-programmet. Det ligg ikkje føre noko formell evaluering av dette arbeidet, men det er viktig at arbeidet ikkje vert trappa ned.

- *Vidareføra etterutdanning i IKT, m.a. gjennom deltaking i prosjektet lærerIKT*

Prosjektet lærerIKT vart avslutta for Tysnes sitt vedkomande i 2004. Gjennom Midthordland skule- og barnehageregion har ein fått prosjektmidlar til eit opplegg for pedagogisk bruk av IKT knytt opp mot lese- og skriveopplæringa i 1. og 2.klasse. Dette arbeidet starta opp hausten 2003, og har halde fram i 2004. Elles er det framleis trong for etterutdanning på dette feltet.

- *Vidareføra satsinga på IKT gjennom oppdatering av maskinparken*

Midlane til dette føremålet vart i 2004 redusert med 33,3 %. Dette kunne gå for eitt år, men utviklinga syner at det er trong for å auka opp att denne løyvinga. Målsetjinga i den kommunale planen for IKT, som vart vedteken i 2000, er enno ikkje nådd, sjølv om det har betra seg mykje. Dessutan vert maskinparken snart forelda, og det er stadig trong for utskiftingar.

Samstundes vert det frå sentralt hald meir og meir lagt opp til at skulane skal vera godt utstyrte med maskinar og internett-tilkopling. Eit døme på dette er dei nasjonale prøvane, som i stor grad krev moderne utstyr med god internett-tilgang.

- *Styrkja overgangen ungdomsskule/vidaregåande skule gjennom deltaking i prosjekt i Midthordland skule- og barnehageregion*

Eit samarbeidsprosjekt mellom ungdomsskular og vidaregåande skular i regionen, som vart starta opp våren 2002, vart avslutta hausten 2004. Men det ligg føre planar om at samarbeidet skal halde fram i 2005.

- *Innføra bruk av VUK (vurdering utan karakterar) i skulane i Tysnes*

Alle skulane fekk i 2003 innføring i VUK, og hadde forplikta seg til å starta opp arbeidet med dette arbeidet. Av årsmeldingane for førre skuleår kan ein lesa at dette i nokon grad er følgt opp. Men det har ikkje vorte gjennomført noko systematisk evaluering av dette.

- *Skulevurdering*

For å ivareta kravet i § 2 i forskrift til opplæringslova om skulevurdering, har Oppvekst/omsorg gått inn for at kommunen slutta seg til eit regionalt samarbeid på dette området. Dette samarbeidet kom i funksjon hausten 2004. Dette førte til at Lunde skule vart vurdert av den regionale vurderingsgruppa i veke 47 i 2004. Vurderingsrapporten vart lagt fram for Oppvekst/omsorg.

- *Nasjonale prøvar*

Dei fyrste nasjonale prøvane vart gjennomførte våren 2004. Dei omfatta 4., 7., og 10.årssteg. Arbeidet med dei nasjonale prøvane har synt seg å vera svært arbeidskrevjande på alle nivå i skulesystemet. Det har vore gjennomført ei omfattande kursing av dei som skal gjennomføra prøvene, og det har gått med mykje tid til førebuing (ikkje minst datateknisk) og retting av prøvane. Kostnaden med dette tiltaket er vorte større enn ein hadde rekna med.

## **Skulefritidsordning**

- *Oppretthalda tilbodet på flest mogeleg skular*

Vårhalvåret var det skulefritidstilbod ved Lunde, Onarheim og Tysnes skular. Hausthalvåret var det tilbod ved Lunde, Onarheim, Uggdal og Tysnes skular. Til saman har det vore ca. 37 elevar i kommunen som til kvar tid har nytta seg av SFO-tilbodet. Dette utgjør ca. 25 % av elevane i småskulen.

- *Vurdera samarbeid om SFO ved skular som ligg nær kvarandre*

Hausthalvåret 2004 har det vore samarbeid mellom Uggdal og Tysnes skular slik at elevar ved Uggdal skule har fått tilbod om SFO ved Tysnes skule om onsdagen.

## **Kulturskule (Musikkskulen skifta namn til "Tysnes kulturskule" i 2004)**

- *Oppretthalda tilbodet på noverande nivå*

Volumet på undervisninga er om lag det same som tidlegare. Det har vore undervisning på: Piano/keyboard, gitar, bassgitar, song, slagverk og messing. Gruppeundervisning i



ballett/dans. Kulturskolen sel timar til kor og korps, og det vert selt timar til Fitjar og Kvinnherad kommune.

## **Vaksenopplæring**

- *Gje tilbod om norsk m/samfunnskunnskap til flyktningar og innvandrarak*

Aktiviteten på dette området er redusert i høve til tidlegare år. Ved utgangen av 2004 var det 11 elevar som fekk slik opplæring. Som tidlegare år held vaksenopplæringa til i leigde lokale i "Grendatun".

- *Gje tilbod om vaksenopplæring til dei som har rett til det etter opplæringslova*

Dette tilbodet er no redusert til eit minimum.

## **Barnehage**

- *Utvikla kvalitetskriteria for barnehagane gjennom samarbeid med dei andre kommunane i Midthordland skule- og barnehageregion*

Staten sette i 2001 i gang arbeidet med kvalitetssatsing for heile barnehagesektoren. Kvalitetssatsinga var iverksett under namnet **den gode barnehagen**, og skulle skje i perioden 2001-2003.

I Tysnes kommune har me valt å utarbeida ei felles kvalitetshandbok for barnehagane, som skal vere eit verktøy for å nå måla som er sett opp for den gode barnehagen. Styra-rane i barnehagane og barnehagekonsulent hadde danna ei arbeidsgruppe som saman skulle utarbeide denne kvalitetshandboka. Dette arbeidet vart påbegynt i 2003, og vart fullført våren 2004.

- *Gjennomføra brukarundersøking i barnehagane*

Det har ikkje vore gjort noko med dette i 2004.

- *Nedprioritering av barnehagane.*

Som følge av at konsulentstillinga ved skulekontoret er inndregen, vil utviklingsarbeidet med barnehagane verta redusert til eit minimum.

### **2.2.5 Samandrag:**

Kommunen har eit tilfredsstillande barnehagetilbod, sjølv om det sporadisk kan vera ventelister ved nokre av barnehagane. Tendensen er at fleire og fleire ynskjer utvida plass til borna sine i barnehagane. Dette gjer at ein må rekna med tilnærma same etterspurnad etter barnehageplassar, sjølv om barnetalet går ned i åra som kjem. Plasstillhøva ved Lunde barnehage er ikkje ideelle.

Kommunestyret har starta prosessen med å vurdere skulestrukturen. Dette arbeidet må halda fram i takt med at dei økonomiske rammene vert trongare.

Med tanke på innklimaet på fleire av skulane er det bra at ventilasjons/ENØK-tiltaka ved desse skulane no er med på gjeldande økonomiplan.

Skulefritidstilbodet ser ut til å ha stabilisert seg noko på dei største skulane. Musikkskulen treng ein base med eigne, varige lokale.

Omfanget av innvandrarundervisninga har vore minkande, og det vil nok verta endå mindre i året som kjem.

## 2.3 Helse og sosial

### 2.3.1 Økonomisk resultat

#### Generelle trekk

Samla ressursinnsats

	1000 kroner løpande prisar		
	R 2003	Rev B 2004	Rekneskap 2004
Utgifter og inntekter			
Sum driftsutgifter	57.936		
Sum driftsinntekter	17.273		
Sum finansutgifter /			
Sum finansinntekter	-284		
Nto. Driftsutgifter	40.379	41.642	41.425
Investeringar			
Sum utgifter	800		
Sum inntekter	745		
Nto. Utgifter/inntekter	55	350	412

#### Investeringar gjeld:

#### Nto.kostnader i 1000 kr

Kjøp av bil	174
Tysnes aldersheim – vaskeri	132
Sikring av rømningsveggar	
helse- og sosialbygg	213
Varslingsanlegg pu/omsorgsbustader	368
Tysnes aldersheim - sprinkling	65
Tilskot - Tysnes industri	200

### 2.3.2 Utviklingstrekk i etaten

#### Investeringar

Den største netto investeringa på kr 168' er adresserbart brannvarslingsanlegg i alle pu-, trygde- og omsorgsbustader i kommunen.

#### Drift

Netto driftsutgifter på h.k. 1.3 vart kr 41.425' mot revidert budsjett kr 41.642', dvs. 99 % av revidert budsjett eller eit driftsoverskot på kr 217'. Arbeidet med økonomistyring/periodisering og nært samarbeid mellom leiarane i etaten og økonomisjefen har gjeve gode resultat og arbeidet vil halde fram i 2005. Det er framleis resultatområde som slit med å halda budsjetttrammene for lønsbudsjettet. Med nye kutt i 2005 vil utfordringane berre verta større.

Tysnes aldersheim hadde det største negative budsjettavviket med eit driftsunderskot på kr 460' medan Tysnes sjukeheim hadde det største positive budsjettavviket med eit driftsoverskot på kr 390'.

Plan- og utgreiingsarbeid som er gjennomført i 2004:

Verksemdsplan i helse- og sosialetaten for 2004.

Opplæringsplan i helse- og sosialetaten for 2004.

Samarbeidsavtale med Vital Tour om trivsel og helsereiser til Kypros fom. sesongen 2004/2005.

Evaluering av prøveprosjektet "Grønt samarbeid".

Innkjøp av utrykningsbil til legevakttenesta.

Deltaking i "Flink med folk"-prosjektet, "LØFT", "Myndiggjorte medarbeidarar" og "Effektiviseringsnettverk".

Pilotprosjekt "EVUK" (Etter- og vidareutdanning i kommunehelsetenesta) der tre leiarar har delteke på leiarutdanning.

"Rettleiing som verkty for leiarar" og 10 sjukepleiarar, vernepleiarar, hjelpepleiar og omsorgsarbeidarar deltek på 2 ½ årig utdanning i regi av Høgskulen i Bergen.

### **2.3.3 Helseavdelinga**

#### **Helsestasjonen**

Året 2004 har vore eit godt og stabilt år for oss i helsesøstertenesta, sjølv om oppgåvene og utfordringane har vore mange. I vårt arbeid er hovudvekta lagt på det helsefremjande arbeidet blant barn og unge frå 0 – 20 år. Den viktigaste arenaen for arbeidet vårt er på helsestasjonen og i skulehelsetenesta og her når me så og sei alle barn og unge.

Me trivest godt i dei nye lokala våre, som er bra praktiske og funksjonelle. Me har no god stabilitet i personalet vårt og det er viktig og nyttig både for brukar og samarbeidspartner.

Samarbeid med andre faggrupper har vore ei viktig oppgåve for oss, for å kunna gje eit breiast mogleg tilbod til barn og unge med samansette problem.

Leiande helsesøster starta hausten 2004 på vidareutdanning, eit deltidsstudie i psykososialt arbeid for barn og unge, ved høgskulen på Stord.

Helsestasjon for ungdom er eit tilbod som me har hatt i vel eit år no og som ungdommane våre nyttar seg av. Husmorvikaren gjev praktisk hjelp og avlastning til dei heimane som har hatt særleg trong for hjelp og støtte.

Utfordringane i 2005

Å sikra og forbetra dei tilboda me gir på helsestasjonen, i skulehelsetenesta og på ungdomshelsestasjonen.

## **Ergoterapitenesta**

0,6st. kommuneergoterapeut.

Arbeidsoppgåver: Kartlegging av funksjon. ADL/funksjonstrening. Stimulera til eigenaktivitet. Tilrettelegging, tilpassing og kompensasjon for tapt funksjon; rådgjeving ved bustadendring, vurdering av tekniske hjelpemiddel, ergonomiske tiltak, funksjonsvurdering i bilsaker m.m.. Korttidsutlån av kommunale hjelpemiddel. Deltek i tverrfagleg rehabiliteringsarbeid og Inntaksmøte. Kontaktperson for kommunen til Hjelpemiddelsentralen i Hordaland (HMS). Samarbeid med interkommunal synspedagogisk teneste (felles heimebesøk m.m.)

Ressursutnytting: Tilvisingar: totalt 53 dette året. Desse er fordelt slik: Frå lokalt helsepersonell + enkelte frå 2.line tenesta (16), frå brukarar (25), frå pårørande (12) samt småsaker inni mellom. 138 heimebesøk, samt pasientkontakt i form av oppmøte på kontoret (27), saker ordna på tlf. m.m. (ca 68). Ergoterapeuten har sendt 36 søknader og 33 rekvisisjonar til HMS om hjelpemiddel til Folketrygda, 54 service-rapportar på reparasjon av hjelpemiddel samt 9 som gjeld høyrselshjelpemiddel. Korttidsutlån av hjelpemiddel frå kommunalt lager til 32 personar.

Ergoterapeuten må også delvis administrera og laga struktur på vaktmeistartenesta for hjelpemiddel, fordi denne berre er på timebasis og ettermiddagstid.

Totalt er det no i kommunen 2072 hjelpemiddel frå Folketrygda, til ein samla verdi av 8,9 millionar.

Via ergoterapeuten får kommunen gratis overta hjelpemiddel frå HMS (som kan brukast til kommunalt utlån i open omsorg og i institusjon). Dette gjeld i 2004: 2 senger, 2 rullestolar, toalettforhøgarar/stolar, dusjstolar, beingynger, rollatorar, gåstativ, arbeidsstolar m.m..

Ein del prosedyrar for kvalitetssikring er kome på plass dette året, og det kommunale hjelpemiddellageret i Tinghuskjellaren er blitt betre organisert. Dette arbeidet fortset i 2005.

## **Fysioterapitenesta**

Året 2004 var eit år prega av mykje utskiftingar av fysioterapeutar. Dei to faste fysioterapeutane gjekk ut i svangerskapspermisjon første halvdel av 2004 og det har vore 3 ulike vikarar etter dette. Frå april til august stod ei halv stilling ledig.

I forhold til verksemdplanen for 2004 har me fått gjennomført mykje av måla. Rehabilitering og oppfølging av eldre brukarar er det området ein i 2004 har brukt mest ressursar på, og her har ein også fulgt verksemdplanen fullt ut.

Grunna arbeidspress og skifte av fysioterapeutar har tenesta heller ikkje i 2004 oppfylt måla i verksemdplanen når det gjeld habilitering og førebyggjande fysioterapi. Dette er eit viktig område som må prioriterast framover.

For 2005 er det også viktig å fokusera på fagutvikling for å sikra godt kvalifiserte fysioterapeutar, samt at arbeidet med kvalitetssikringspermen må fullførast.

### **2.3.4 Sosialavdelinga**

Sosialavdelinga handsama i 2004 51 søknader om økonomisk sosialhjelp og føretok 269 utbetalningar. Dette mot 42 søknader i 2003. 64 aktive klientar registrert i 2004. Det var eit auka press på budsjett for økonomisk sosialhjelp.

Trass langvarige sjukmeldingar i 2004, har avdelinga hatt tilgang på særst godt kvalifisert personell.

Sosialleiar var på LØFT opplæring i regi av KS.

Sosialavdelinga handsama 7 søknader om startlån og 7 søknader om bustadtilskot.

Barnevernstenesta mottok 23 meldingar på barn i Tysnes. Dette er ein auke frå 8 meldingar i 2002. 27 barn mottok hjelpetiltak frå barnevernstenesta i 2004. Det var og eit stort økonomisk press på budsjettet i barnevernstenesta i 2005. Barnevernstenesta hadde sak for fylkesnemnda i 2004. Det vart ført tilsyn med 6 fosterheimar på Tysnes. Det vart oppretta eit formelt samarbeid med oppfølging frå barne- ungdoms- og familieetaten ( Bufetat) i 2004.

### **2.3.5 Pleie- og omsorgsavdelinga**

Aktiviteten innafor pleie- og omsorgsavdelinga i 2004 har vore prega av stor aktivitet, utvikling og kompetanseoppbygging.

#### **Personell**

- I Tysnes aldersheim vart det nytt styrarskifte frå august 2004, førre styrar hadde vore knapt eit år då ho sa opp.
- Leiarane innafor pleie- og omsorgsavdelinga elles har vore stabile.
- Det har vore bra tilgang på faglært arbeidskraft, særleg gledeleg var at me fekk rekruttert fleire nyutdanna sjukepleiarar frå hausten 2004.
- I Tysnes sjukeheim har det vore faste ik-møte for HMT arbeidet. Ein visjon er utarbeida: ”Eit godt arbeidsmiljø med myndiggjorte medarbeidarar, bygd på samarbeid og trivsel”.
- Arbeidet med seniortiltak utifrå vedtekne Seniorpolitiske retningslinjer er systematisert.

#### **Utstyr**

- Det vart kjøpt inn 3 nye sjukesenger på Tysnes sjukeheim.
- Det vart kjøpt inn ny kopimaskin i bustader på Vågsmarka.

#### **EDB**

- Det vart innført databasert rekneskapsprogram for pasientrekneskap i Tysnes sjukeheim.
- Det vart installert datapunkt og maskinvare på avdelingane i Tysnes sjukeheim.
- Ei prosjektgruppe har laga ei tilråding på innføring av elektroniske timelister, via det databaserte turnusprogrammet Shift Manager, KDO Consulting. Me har førebels ikkje greidd å finne finansiering av tiltaket.

#### **Effektiviseringsnettverka**

- Pleie- og omsorgsavdelinga repr. v/ styrar Tysnes sjukeheim, pleie- og omsorgsleiar og helse- og sosialsjef har delteke på kommunenettverk for fornying og effektivisering ”Effektiviseringsnettverka” gjennom KS. Tysnes har der vore saman med desse 6 andre kommunane: Austevoll, Etne, Fusa, Samnanger, Ullensvang og Vaksdal. Kostra-tala har synt at i samanlikning med desse nettverkskommunane er pleie- og omsorgstenestene i Tysnes kostnadseffektive, både når det gjeld drift av institusjon- og heimetenester.
- I september 2004 vart det gjennomført brukarundersøking blant bebuarar i institusjon, pårørande til bebuarar i institusjon, alle brukarar av heimesjukepleie og heimehjelp. Bebuar i institusjon: av 51 bebuarar fekk me 29 svar - svarprosent 56 %. Pårørande til bebuarar i institusjon: av 51 pårørande fekk me 18 svar – svarprosent 35 %. Brukarar i heimetenesta: av 129 brukarar fekk me 56 svar - svarprosent 43 %.

Når det galdt brukartilfredshet kom Tysnes best ut av alle kommunane i nettverket både når det galdt bebuarar i institusjon og brukarar av heimetenesta. Når det galdt brukartilfredshet opplevd av pårørande låg Tysnes på eit gjennomsnitt i nettverket, men likevel høgt. Lågaste score var på informasjon 3,2, så m.a. på dette område har me eit potensiale for forbetring. Sett opp imot samanliknbare kommunar kan difor pleie- og omsorgsavdelinga i 2004 peike på at tenestene er kostnadseffektive, og at ein har god kvalitet på tenestene ein yt.

### Kompetanseoppbygging

- Gjennom Høgskulen i Bergen er Tysnes med i eit 4 - årig pilotprosjekt ”Klinisk kompetansestige for helsepersonell”, saman med 3 andre kommunar, Austevoll, Lindås og Kvam.
- Ein har først starta opp med ei leiarutdanning der 3 leiarar frå pleie- og omsorgsavdelinga i Tysnes har delteke; avdelingssjukepleiar og styrar ved Tysnes sjukeheim og avdelingsleiar ved bustader pu Vågsmarka. Desse blir ferdige våren 2005.
- Ifrå juni 2004 har ein starta opp med ei etter- og vidareutdanning for hjelpepleiar, omsorgsarbeidar, sjukepleiar og vernepleiar, EVUK, som vil gå over 3 år, fram til våren 2007.  
10 tilsette deltek, og slik er fordelinga frå dei ulike arbeidsplassane:  
Tysnes sjukeheim: 3 hjelpepleiar/omsorgsarbeidar og 1 sjukepleiar.  
Heimetenestene: 1 omsorgsarbeidar og 1 sjukepleiar.  
Bustader pu Uggdal: 2 hjelpepleiar / omsorgsarbeidar.  
Bustader pu Vågsmarka: 1 hjelpepleiar/omsorgsarbeidar og 1 vernepleiar.
- Igjennom ”Flink med folk” i helse- og sosialsektoren i regi av KS, har ca 10 sjukepleiarar/leiarar i pleie- og omsorgsavdelinga og helse- og sosialetaten gjennomført LØFT-kurs saman med Os og Fusa kommune. Det har vore 3 samlingar à 2 dagar; 1. samling på Stord i mars, 2. samling i Ulvik i juni, og 3. samling i Haugesund i oktober mnd. 2004.
- 2 leiarar har delteke på 4 dagars intensiv kurs i LØFT i Haugesund i oktober mnd.
- 1 tilsett deltek på Høgskulen i Bergen på desentralisert sjukepleiarutdanning.
- Det har vore gjennomført opplæring i IPLOS, individbasert pleie- og omsorgsstatistikk, eit statistikkssystem som er planlagt innført i alle landets kommunar frå 2006.

- Me har 1 lærling i omsorgsarbeidarfaget i tidsrommet 2004 - 2006.

### Institusjonsplassar

- Totalt har kommunen 51 institusjonsplassar: 39 sjukeheim- og 12 aldersheimsplassar.
- Når det gjeld institusjonsplassane har det vore ledig kapasitet frå sommaren 2004. Noko som har gjort at ein har kunna gjort flytting av bebuarar frå aldersheimen til sjukeheimen, utan at dette har medført overbelegg eller krise i høve behov for institusjonsplassar.
- Frå august 2004 har det vore gjort flytting av bebuarar frå aldersheimen til sjukeheimen, totalt 5 pensjonærar har flytta over til sjukeheimen hausten 2004. Ved årsskifte hadde ein igjen 7 bebuarar, 6 i langtidsopphald og 1 i korttidsopphald i aldersheimen.
- Dette vil ikkje sei at alle som har søkt om institusjonsplass har fått dette tildelt. Fleire søkjarar har fått og vil få avslag på søknaden sin om institusjonsplass. Ved færre institusjonsplassar vil prioritering av kven som skal få institusjonsplass vere endå strengare enn tidlegare.
- Ein har lagt vekt på å ha korttidsplassar ledige som vert nytta til rehabilitering, avlastning til søkjarar med ulike behov.
- I kommunestyremøte 14.12.04 vart det vedteke å redusere talet bebuarar ved aldersheimen, og ein la opp til ei innsparing på kr 626.300 for 2005. Kommunestyret ba samtidig om å få lagt fram ei sak tidleg i 2005 der ulike alternativ for framtidig bruk av aldersheimen vart vurdert.

### Heimetenestene

Totalt 125 brukarar av heimehjelp og heimesjukepleie pr. 31.12.04:

Heimetenestene, med heimehjelp og heimesjukepleie er delt inn i 2 område.

- Område 1 Onarheim / Nymark: 24 brukarar
- Område 2 Tysnes - Lunde - / Uggdal - Flatråker - Reksteren: 101 brukarar
- BPA, brukarstyrt personleg assistent: 1 brukar

### Tryggleiksalarmar

Tysnes kommune har samarbeidsavtale med Hjelp 24 Trygghetsalarm A/S (tidl. Lev Vel Helse A/S), pr. 31.12.04:

- 45 alarmer er utleigd.
- 1 alarm knytt til Tysnes aldersheim.

Trygde- og omsorgsbustader og bustader for psykisk utviklingshemma.

Kommunen disponerer 55 bueiningar til utleige:

- Trygdebustader: 12
- Omsorgsbustader: 32
- Bustader psykisk utviklingshemma: 11

Det har vore ein ledig omsorgsbustad på Nymark hausten 2004.

### Psykisk helsevern

Måloppnåing:

- Tysnes kommune fekk godkjent rapportane og planane, og fekk utbetalt heile beløpet på
- øyremarka midlar til psykisk helsevern i 2004. Rekneskapen blei gjort opp med eit lite
- underskot.
- Stillinga som psykisk helsearbeider er auka opp frå 50 % til 100 % frå og med 15. juli
- 2004.
- Psykisk helsearbeider har i år oppsøkt alle skulane for presentasjon og oppfordring til
- samarbeid, samt at ho er stasjonert på Tysnes skule kvar fredag. Stillinga er mykje nytta.
- I 2004 starta "Olweusprogrammet" ved Tysnes skule, psykisk helsearbeider er med i
- dette.
- Hausten 2004 starta psykisk helsearbeider og ei helsesøster opp med vidareutdanning ved
- HSH; " Psykososialt arbeid blant barn og unge". I første omgang for 1 år, men studiet er
- no gjort 2 årig.
- Psykiatrisk sjukepleiar har fullført utdanninga innan SEPREP; psykoseforståing og
- psykosebehandling.
- Sjukepleiar som er i 50 % vikariat for helsesyster ( lønna over øyremarka midlar til
- psykiatrien) tok hausten 2004 til på vidareutdanning ( deltid) som helsesyster, men
- avbraut utdanninga i desember 2004.
- Psykiatrisk sjukepleiar har fullført LØFT – kurs gjennom "Flink med folk" /KS.
- Arrangert 2 dagers tverrfagleg/etatleg kurs med tema: "Den vanskelege samtalen".
- "Helsestasjon for ungdom" er open kvar torsdag mellom 16.00 – 18.00. Helsesøster, jord-
- mor, turnuslege er knytt til denne tenesta.
- Helsestasjonen har arrangert dialogkurs og "Prep – kurs" for par.
- Gjennomført ei stor kriseøving" Bussulykke ved Lukksund bru". Psykisk helsevern var
- sterkt delaktig saman med andre kommunale etatar, lensmannsetat, legekantoret,
- ambulansetasjonen, brannvern, AMK Bergen og Helse Fonna, Hordaland politikammer.
- Psykisk helsevern i Tysnes har oppretta kontakt med brukarorganisasjoner i
- Sunnhordland, har gjort greie for dette til Fylkesmannen.
- Psykisk helsevern har teke i bruk "Individuell plan". Det er og starta arbeid med å laga ein
- felles datamal for individuell plan i Helse Fonna.
- Dagsenteret har flytta i nye lokale, tidlegare Tysnes Industri, førebels fram til 1. juni 2006.
- Tverrfaglege samarbeidsgrupper har halde fram med arbeidet: Psykiatrigruppa – 3 møte,
- TEBU – 4 møte, Krisegruppa – mange møte ( øving), B-gruppa – 3 møte.
- Hausten 2004 vedtok kommunestyret å bruka øyremarka midlar til psykiatrien til å delfi-
- nansiera stillinga som husmorvikar.

#### Ressursutnytting:

49 pasientar over 18 år var registret i psykisk helsevern.

24 pasientar under 18 år var registrert i psykisk helsevern ( I tillegg kjem dei som er registret i helsestasjonen)

7 pasientar har hatt støttekontakt.

5 pasientar har eit eller to dagsentertilbod.

#### Konklusjon:

Psykisk helsevern står framfor store utfordringar i 2005. Når ein skal delfinansiera husmorvikarstillinga i tillegg til at det blir heilårsverknad på 100 % stilling som psykisk helsearbeider, vil det føra med seg at ein må redusere på andre tiltak. Tiltak som støttekontakt, drift av dagsenteret, kursverksemd og utgifter til heimebesøk må reduserast kommande år. Dessutan må planlagte tiltak som t.d. utvida dagsenterdrift utsetjast.



## 2.4 Landbruk- og teknisk etat

### 2.4.1 Organisasjon

Etaten er organisert med teknisk sjef som leiar for 5 fagområde med kvar sin avdelingsleiar: jordbruk, skogbruk, brann- og byggesak, kart og oppmåling, og kommunalteknisk drift bygg og eigedom.

#### Årsverk og tilsette

	Faktisk 2002	Fakti sk 2003	Fakti sk 2004	Plan 2005
Adm.	1,08	1,08	1,15	1,05
Jordbruk	3,48	3,48	3,48	3,13
Skogbruk og vilt	0,62	0,62	0,62	0,62
Kart og oppmåling	2,0	2,0	2,0	1,90
Brann og feiing	2,2	2,2	2,2	2,20
Byggesak	2,05	2,55	2,55	2,50
Bygg og eigedom	4,1	4,05	4,05	3,85
Tysneshallen				0,30
Drift av gravplassar	0	0	1,1	1,10
Veg	2,0	2,2	1,15	1,20
Vatn, avløp, renovasjon og slamtøming	1,9	1,77	1,70	1,65
Sum årsverk	19,5	20,0	20,0	19,5

#### Kort kommentar til faktisk 2004 og endring i Plan 2005

Mot slutten av 2004 vart 50% stilling trekt inn i sekretariatet og overført til sekretariatet ved helse – og sosialkontoret, 10% stilling ved oppmåling vart overført til hjelp drift bowlingbana i Tysneshallen og 20% stilling overført vaktmeister bygg til vaktmeisterteneste i Tysneshallen. Tysneshallen fekk hjelp frå overleveringa i 2004.

Samla stillingsreduksjon / endring i oppgaveproduksjonen ved Landbruk- og teknisk etat vert såleis tilsvarande 80% stilling.

Dette er grunnlaget for oppsett plan i 2005. Ettersom tenesteytinga til Tysneshallen er lønskompensert via delte utgifter, er det innført eige verksemdsområde for Tysneshallen i skjemaet vist over, for å synleggjera bruken av etaten sine tilsette.

### 2.4.2 Politisk aktivitet

Vert presentert under kvart fagområde

### 2.4.3 Økonomisk resultat

#### Drift

Går fram av overordna og detaljert rekneskap lagd fram av rådmannen.

#### Investeringar

Går fram av overordna og detaljert rekneskap lagd fram av rådmannen. Sjå elles omtale under handlingsplan.

#### Kommunen har vedteke egne planar for:

Hovudplan for skogsvegar 1999.

Avfallsplan for Sunnhordland interkommunale Miljøverk 2000 - 2003

Trafikksikringsplan 2001 - 2004

Kystsoneplan

Hovudplan for vassforsyning 2000 - 2004

Risiko- og sårbarheitsplan

Hovudplan for avløp 2000 - 2005

Oversiktsplan for skogbruket.

Landbruksplan 2004

Slik det går fram av oversynet er tida komen for rullering av fleire av planane. Eit oppdatert planverk er eit godt fundament for målstyrt bruk av kommunen sine samla ressursar.

### 2.4.4. Rapport – handlingsprogram / økonomiplan for teknisk drift

Den verbale handlingsplanen i kommuneplanen er ikkje rullert i 2003, med oppsetting av nye mål for 2004, anna enn dei som går fram av økonomiplanen. Rapporten her vert derfor i hovudsak relatert til Økonomiplanen.

<b>Kommuneplan – 2003 - 2015 Handlingsprogrammet / Økonomiplanen 2004 Mål</b>	<b>Årsrapport 2004 Resultat</b>	<b>Evaluering, eventuell omprioritering til neste handlingsprogram</b>
<b>DIVERSE PROSJEKT</b>		
<b>Bustader for unge / Flyktningbustader</b>	Ikkje starta opp Klargjering i høve reguleringsplan. Sterk motstand blant bebuarane.	Kommunen bør vurdere alternativ lokalisering eller skrinleggja prosjektet

<p><b>Rådhuset</b> Frå evaluering i årsmelding 2003 - brannvarsling, røming-sljos, El.dokumentasjon</p> <p>- etablering av rømingvegar i resten av bygget.</p> <p>Samt nye tiltak etter vedtak i formannskapet: - Ny tilkomst m/skyvedør og utviding tilkomstveg - Naudstraum beredskap</p>	<p>- Gjennomført frå kommunestyresalen via møterom. I eigen regi</p> <p>- Gjennomført i eigen regi</p> <p>- Gjennomført</p>	<p>- Arbeidet er med i ØKP 2005</p> <p>Finansiert i byggjeprojekt oppbygging etter brannen</p>
<p><b>ENØK-Prosjekt 2003 /2004</b> Deltakarar: Tysnes skule, Uggdal skule, Onarheim skule, Lunde skule, Rådhuset, Tysnes sjukeheim, Tysnes aldersheim, Uggdal kyrkje</p> <p><b>MÅL</b> : 20% straumreduksjon med enkle tiltak. Vågsmarka barnehage vart målt utanom og viser stort sparepotensiale</p>	<p>Prosjektet gjennomført</p> <p>Vinst ved synleggjering av straumbruk er sett til 10 %</p> <p>Målt mot energibruk i 2002 vart reduksjonen i 2003 – 20% ( 548 864 kWh – temperaturkorrigert) 2004 – 18 % ( 489 264 kWh – ikkje temperaturkorrigert.)</p>	<p>Prosjektrapport med framlegg til tiltak vil bli lagd fram i januar 2005</p> <p>Tiltak skissert er arbeid inn i ØKP 2005- 2008</p> <p>Kommunen må rapportera straumforbruk og tiltak i 3 år etter at prosjektet er avslutta, som oppfølging og kontroll på at tiltak vert iverksett.</p>
<p><b>PCB Sanering</b> Ljosarmaturar</p> <p>Vindauge</p>	<p>Tysnes aldersheim 38 stk Kjøken / vaskerom Tysnes sjukeheim 14 stk</p> <p>Ikkje tiltak 2004</p>	<p>Samla registrert 729 stk PCB armaturar som må skiftast. Med tiltak i ØKP 2005 - 2008</p> <p>Er slike att på Tysnes skule, Onarheim skule og Uggdal skule. Ufarleg så lenge dei ikkje vert våte i pakning med smitte til brukarane. Er ikkje med tiltak ØKP 2005 – 2008</p>
<p><b>SKULEBYGG</b></p>		
<p><b>Lunde skule</b> Tiltak frå evaluering i årsmelding 2003 Står att</p>		

<p>- å utvida SD-anlegget til å styra straumbruken i heile skulen. Berre tilbygg med.</p> <p>- asfaltera privat tilkomstveg etter avtale</p>	<p>- Vart ikkje teke omsyn til i ØKP for 2004</p> <p>Gjennomført 2004 som del av utbygginga</p>	<p>- arbeid inn i ØKP 2005 –</p> <p>08 SD-anlegg, Rømningsvegar, brann og el. dokumentasjon</p>
<p><b>Uggdal skule</b> Tiltak frå evaluering i årsmelding 2003</p> <p>Restarbeid etter utbygging: - Opprusting elevtoaletta - SD – anlegg - Brannvarslingsanlegg</p>	<p>Gjennomføring i 2005/2006 Ventilasjon, Enøk, innemiljø, sikring rømningsvegar, Brann og El. dokumentasjon</p> <p>- Gjennomført i eigenregi - Tinga utført i 2005 - Tinga utført i 2005</p>	<p>Er arbeid inn i ØKP 2005 - 2008 Naudsynleg fasade-rehabilitering er ikkje finansiert.</p> <p>Finansiert i byggeprosjekt utviding personalrom</p>
<p><b>Tysnes skule</b> Tiltak frå evaluering i årsmelding 2003</p> <p>Symjehall – reinseanlegg</p>	<p>- Gjennomføring i 2005 og gjeld brannsikring, Brann/El dokumentasjon, Ventilasjon barneskulen, Enøk</p> <p>Filtersand og Kolfilter skifta</p>	<p>Rehabilitering fasadar barneskule, gymsal og symjehall, nye golvbelegg samt rehabilitering symjehall oppstartløyving i 2008. Bør forserast ettersom vatn trekk inn i veggane/huset – sopp? Vesentleg opprusting basseng og hall inne bør forserast, før skadene vert for store. Ikkje finansiert</p>
<p><b>Onarheim skule</b> Ventilasjon, enøk, innemiljø, rømningsvegar, Brann og el. dokumentasjon</p> <p>Lydisolera det blå rommet</p>	<p>Gjennomført i eigenregi</p>	<p>Er arbeid inn i ØKP 2005 – 2008</p>
<p><b>BARNEHAGAR</b></p>		
<p><b>Myklestad Barnehage</b></p>	<p>I eigenregi bygget om 1 etasje, med ny inngang, garderobar, vaske- og tørkerom, HK-toalett og WC, samt personalgarderobe og personal WC.</p>	<p>Her er behov for tiltak i kjellar vedkomande tilkomst til møterom / pauserom og komplettering personalgarderobar.</p>
<p><b>Lunde Barnehage</b></p>		

Forprosjekt opprusting	Laga planar for utviding av barnehage i samsvar med plassbehov for det tal barn barnehagen er dimensjonert for.	Ombygging til Personalrom og garderobar på loft er med i ØKP 2006 Det er behov for betre garderobeplass borna, tørkerom, WC, HK-WC og kvilerom, etterom kvile-rommet på loftet er stengd av branntilsynet av tryggleikssyn. Det er behov for fasade-rehabilitering i den gamle bustaddelen av barnehagen
<b>Brannsikring Barnehagar</b>	Etablert Brannvarslingsanlegg, rømnings-og ledeljos komplett i Lunde og Myklestad barnehagar I Vågsmarka barnehage rusta opp Rømnings- og ledeljos. Skilting slökkemidler etablert	Brannalarmanlegget i Vågsmarka barnehage er ikkje adresserbart. Må vurderast utskifting.
<b>HELSE – OG SOSIALBYGG</b>		
<b>Tysnes aldersheim</b> Tilkomst og parkering  Kjøp av grunn   Brannsikring etter brannsyn	Kjøp av grunn til vegtilkomst, snuplass og parkering ikkje gjennomført.  No avvente vidare bruk av Aldersheimen.  Gjennomført sikring av rømningsvegar, etablert rømnings- og ledeljos, Brann- og El. dokumentert bygget. Skilta slökkemidlar.	Har intensjonsavtale med eigar grunn vegtilkomst. Eigar grunn snuplass / parkering, Ikkje klar.  Sprinkling loft og vaskerom står att, samt litt restarbeid i rømningsvegar. Er finansiert i ØKP 2005 – 2008. Avvente tiltak til vedtak vidare bruk.
<b>Tysnes sjukeheim</b> Sjukesignalanlegg  Planlegging ny daglegstove  Personaldusj Reklamasjonar etter utviding Rehabilitering	Vart utført i 2003 etter havari  Ikkje utført  Etablert Entreprenørane ikkje utført	Finansiert i 2004  Avventar ytterlegare løyving i 2005 i hht ØKP 2004 – 2007  Vurdera tiltak for i 2005. Dei tekniske anlegga er 25 år, bygget er kaldt og tiltak må arbeidast inn i ØKP

<b>Omsorgs- / trygdebustader</b> Brannsikring  Oppussing husvære i eigenregi  Utvendig maling i eigenregi  Pussing piper og opprusting plattlodd	Etablert brannvarslingsanlegg, rømnings- og ledeljos i alle. Skilta slokkemidler.  2 trygdebustader Nymark 1 trygdebustad Ugddal 1 Omsorgsbustad Nymark  Omsorgsbustader Nymark  Gjennomført i eigenregi	Me har 44 slike bustadeiningar. Dei byrjar bli sletne og må rehabiliterast Arbeidd inn mindre tiltak i ØKP 2005-08 frå 2006.  Må minimum ta 1 pr år i tillegg til ved utflytting og strakstiltak  Må ta eitt hus kvart år for å halda kledninga fri for råte.
<b>PU - bustader</b> Brannsikring  PU - Vågsmarka  PU - Ugddal Personalrom etter krav arb.tils	Etablert brannvarslingsanlegg, rømnings- og ledeljos i alle. Skilta slokkemidler. Funksjon som alarmsentral for trygde- og omsorgsbustadane  Skifta alle beredarane etter gjennomrusting og lekkasje	Det er sett av midlar i ØKP 2005 – 2008 til Brann- og El dokumentasjon  Tiltak finansiert i ØKP i 2005
<b>RENOVASJON, SLAMTØMING, AVLØP OG VASSFORSYNING</b>		
<b>Renovasjon</b> Hovudplan 2000 – 2003  Gebyrgrunnlag  Sjølvkostanalyse  Lovendring definisjon avfall	Ikkje arbeid i gang  Arbeid starta med oppdatering databasar og vurdering av kontroll i marka  Ikkje justert  Alt avfall som ikkje kjem frå hus eller hytte, vert rekna som næringsavfall frå 01.07.2004. Vert då fristilt frå kommunal	Hovudplan avfall 2000 – 2003 er forelda og bør fornyast  I løpet av 2005, gjennomgå alle betalingstenester med omsyn til sjølvkostprinsippet  Vil medføra kostnadsauke i 2005 for avfall frå barnehagar, institusjonar og skular.

	renovasjons-ordning	Må vurderer å henta inn eige tilbod.
<b>Slamtøming</b> Slamtømerunde hus  Gebyrinnkrevjing  Gebyrgrunnlag og sjølvkost	Gjennomført  Vedteke å fakturera som årleg gebyr frå og med 2005  Som for renovasjon	I staden for etter kvar utført tøming. Rasjonalisera drifta.  Som for renovasjon
<b>Avløp</b> Hovudplan 2000 - 2005  Gebyrgrunnlag og sjølvkost Resipientundersøking  Vee / Teigland Lokal ureining frå private kloakkanlegg.  Avløp separate avløpsanlegg	Prioritert 1 er sanering kommunale kloakkar i området Eidet - Reiso. Avvente tiltak til regulerings-plan gangveg og framdrift for etablering av den er klar Som for renovasjon Gjennomført  Prioritet 2 i hovudplanen er opprusting av eksisterande, kommunale kloakkar i Våge / Klokkargarden Ordføraren arrangert folke-møte for klargjering av saka.  Opningsløyving. Restløyving og gjennomføring i 2005	Samordna tiltak med etablering gangveg, kablar for kraftlaget og ny vassleidning for vasslaget. Bør vurderer å rullera planen i 2006. Som for renovasjon Unnateke hovudutslepp Våge sentrum, ikkje påvist auka ureining. Må vurderer flytta utsleppspunkt Våge lengre ut i fjorden. Vil krevja omprioritering i disponeringa av løyvde midlar i ØKP 2005 – 2008 Vert sett på som sak der dei som ureinar må betala for tiltak for opprydding.  Nytt folkemøte før sumaren 2005.  Gjeld undersøking av resipienttilhøva for ferskvatn og etablering av plan for handtering av private utslepp av avløpsvatn.
<b>Vassforsyning</b> Reinseanlegg.	Gjennomført i hht hovudplan vassforsyning. Resttilskot reinseanlegg er utbetalt i 2004.	Reservevassforsyning og vassforsyning i beredskaps-samanheng ikkje på plass. Må vurderer om tilskots-ordninga skal halda fram i hht kommunestyret sitt vedtak Må vurderer om kontakt-

		utvalet mellom kommunen og vasslaga skal vidareførast
<b>KOMMUNALE VEGAR, KAIAR OG BRUER</b>		
<b>Hovudplan Veg</b> Kommunen skal utarbeida ein eigen vegplan.	Løyving 2003 må sjåast i samanheng med full-finansiering i 2006 før arbeidet kan startast opp	Vedtak om oppstart planarbeid og klargjering planomfang må på plass 2005 / 2006
<b>Dokumentasjon av bruer</b>	Som del av driftsbudsjettet fått utført dokumentasjon av 12 bruer i hht gjeldande lovverk.	Bru til Skorpo må få nytt slitedekke / forsegling for å hindra inntrenging vatn til armeringa. Utføring 2005 Bru til Hopsund må vurderast nærare i 2005. Truleg må ny bru.
<b>Sikring / Utbetring av kaiar</b>	Løyving oppført var restfinansiering frå tiltak Dampskipskaien i Våge i 2003.  Vølt skader på og beisa gjestebrygga i Våge. Står att nokre pengar til nye, mindre tiltak	Det er tidlegare laga saksutgreiing for tiltak på og omfang av kommunale kaiar. Denne er basert på Rapport frå kartlegging av tilstand. Følgjande kaiar er <i>sterkt</i> skada og utgjer trugsmål : Kai Elsakervågen – både tømmerkai og kommunal kai Flatråker kai – kommunal kai – beresystem i ferd med å gå i oppløysing. Tømmer-kaien er øk Amlandstø kai – Er heilt nedbroten og bør fjernast Tiltak i ØKP 2005 – 2008 med opningsløyving i 2006
<b>Sikring/ forsterking av kommunevegar</b>	Veg til Heningen, veg til Kleppa, Veg til Skippervik og veg til Sauabakkane er sikra i rasutsett ur og i fjellskjering mot utrasande stein og fjellblokkar. Veg til Heningen som forskottert tiltak restfinansiert i 2005 etter vedtak i F.  Opprusting veggrofter	Ytterlegare sikring må til i Lundeheggen 2, Veg til Lunde kai Kartlegging bereevne kommunevegane, utarbeiding handlingsplan forsterkingstiltak vert utført som del av hovudplan veg Tiltak i ØKP 2005 – 2008  Tiltak Hopsund, Eldholm,



	gjennomført veg til : Sletteskog, Haukefærvågen, Skippervik, Flygansvær, Tysnes Kyrkje og Lande.	Amland/Hillesvik, Dalen, Vattedal Kattanes, Heie/ Økland står for tur i 2005
<b>Kommunevegar Asfaltering</b>	Etter sterk nedbryting vart me tvungne til sporfylling på Veg til Sletteskog, veg til Vattedal og veg til Dalen, så langt pengane rakk.  Inngått rammeavtale med NCC roads for asfaltarbeid og samarbeid om tilføring av kompetanse vedkomande forsterking av vegane og såleis lenging levetid av tiltaka me gjer.	Tiltak med asfaltering skal i hovudsak ikkje utførast før vegen er grøvta tilfreds-stillande og har fått sett seg i 1 år. Diverre er under-grunnen og oppbygginga av dei gamle kjerrevegane særst dårleg.
<b>Utarbeida planar for gjennomføring av trafikksikringsplanen.</b>		
Gangveg Uggdal	Reguleringsplan ferdig og lagt ut til høyring	Ein må prioritera å klargjera finansiering og gjennom-føring av gangvegprosjekta.
Gangveg Lunde	Plan ikkje ferdig	
Aksjon skuleveg- tiltak	Ikkje gjennomført fysiske tiltak på riks-/eller fylkesveg slik som i 2002. Fylket har ikkje avsett pengar til samarbeidstiltak	
<b>Elveregulering / Vassdrag</b>		

## Landbruk

Landbruksplanen vart godkjent i kommunestyret 22.06.04 som delplan til kommuneplanen. Med denne og tilhøyrande tiltaksplan har kommunen fått eit godt verktøy og grunnlag for framtidig landbruksforvaltning. M.a. stettar kartgrunnlaget kravet til Fylkesmannen si ”Kartlegging av kjerneområde for landbruk – eit viktig lokalt tiltak”.

Frå januar 2004 fekk kommunane ansvaret for SMIL-midlar (spesielle miljøtiltak i jordbruket) og NMSK-midlar (nærings- og miljøtiltak i skogbruket). Til SMIL vart det tildelt kr 64.000,- og til NMSK kr 400.000,-. Alt var tildelt godkjente søkjarar og fleire søknader ligg på vent til årets tildeling. At tildelte midlar vert nytta kvart år er avgjerande for auke av framtidige tildelingar.

Det er positivt at tal mjølkeprodusentar er så stabilt, likevel er det avskalling også her og det vert særleg merkbart når dei største gjev seg. Nye krav til bygningar og husdyrrom fører truleg til at endå fleire gjev opp drifta framfor å gå på nye og store investeringar. Det er lite truleg at så mange av neste generasjon vil overta og drive vidare med dagens lønsemd og mangel på fritid.

Vel er det positivt at storparten av befolkningen ønskjer å oppretthalda dagens landbruk, men det hjelper lite når så få er viljuge til å betala for det. Aldri før har maten vore så rimeleg, og i høve lønsvivå har me rimelegare mat enn nokre andre land det er naturleg å samanlikne seg med.

Det er positivt at nokre legg planer for samdrift og ser ei mogleg framtid i næringa. Om først nokre kom i gong er det von om at fleire kan kome etter. Sjølv om lønsemda (på kort sikt) ikkje vert betra, medfører dette ordna arbeidstid og større fleksibilitet for deltakarane.

Landbruksvikaren har vore nytta 140 dagar (111) til sjukdomsavløyising og 89 dagar (146) til andre oppdrag. 15 (16) ymse føretak/bruk har nytta seg av tilbodet. Tilskot frå staten til stillinga var kr 52.500 (52.500) medan det frå brukarane er motteke kr 106.400 (100.043) i eigenbetaling. Timepris for bruk var kr 100,-.

Det var 87 bruk som søkte produksjonstilskot pr 31.07.04. Dette omfattar 12 342 da i drift, 1 064 storfe, 389 mjølkekyr, 49 ammekyr, 3 873 sau, 235 geit, 0 slaktegris og 73 høns. Tal mjølkeprodusentar (kumjøl) er 35 og 3 geitmjøl. Samla mjølkekvote er 2 171 262 liter.

## Skog

Skogbruksaktiviteten har hatt ein jamt synkende kurve i mange år.

**Skogkulturaktiviteten** i 2004 er på eit lavmål med ingen nyplanting, ingen supplering, litt juletreplanting og ingen registrerte etterarbeid i ungskogfelt. Årsaka til at ingen plantar lenger er i hovudsak at tilskota er borte. Regjeringa sin strategi om at gunstigare skogavgiftsordning skulle erstatta tilskotet fungerer kun ved hogst av granfelt der økonomien er såpass god at det som vert sett av til skogavgift er nok til å planta igjen området. Fråfallet av tilskot har gjeve dramatiske konsekvensar som på sikt kan verta svært dyre for samfunnet. Årsaka til at det ikkje skjer etterarbeid/ kvalitetsstell av skog er uvisst. Tysnes kommune har gode tilskotsordningar. Etterarbeid/ kvalitetsstell, markberedning 70% tilskot. Kommunen har også tilskot til tynning og drift i bratt terreng. Likevel er det registrert **null** dekar på alle desse områda i 2004. Kva er årsaka? Uvitenhet om ordninga? Tilfeldigheter? Eller at skog betyr for lite økonomisk sett pga små areal og at anna arbeid er mykje betre betalt? Uansett er denne tendensen dramatisk for tysnesskogbruket. Kvalitetsstell av eksisterande skog veit me er av vesentleg avgjersle for framtidig økonomisk resultat. Me snakkar her om ein framtidig årleg verdireduksjon i millionklassen.

**Skogsvegbygging:** Det er ferdigbygd totalt 225m traktorveg klasse 7. Mange vegar var under bygging ved årets slutt.

**Hogst:** Total registert hogst er 1927 m<sup>3</sup>. Dette er ikkje mykje i høve til balansekvantumet. Likevel har Tysnes kommune bra hogst samanlikna med andre liknande skogkommunar. Dette kan skyldast at prosjekt "Skog utan grenser" har ein positiv effekt. Hogsten svingar

mykje frå år til år. Dette kan nok delvis forklarast med at nesten all hogst skjer med entreprenør. Eigen hogst er redusert til kun 10-20% av totalt hogstkvantum.

**Skogdag:** Det vart arrangert ein svært vellukka skogdag med meir enn 50 frammøtte på Hovdenes i haust.

#### Løyvde tilskot 2004.

	<b>Statleg løyving (NMSK)</b>	<b>Kommunetilskot</b>	<b>Sum tilskot</b>
Veg:	kr. 400.919,-	kr. 57.315,-	440.734,-
Samarbeidtilt.	kr. 32.579,-		32.579,-
Skogkultur:	kr. 0,-	0,-	0,-
<b>Sum:</b>	<b>kr. 433.498,-</b>	<b>kr. 57.315,-</b>	<b>490.813,-</b>

#### Saker handsama i 2004

5 landbruksvegsøknader innvilga. Skogsbilveg 1000m, heilårs tr.veg. 1500m, enkel tr.veg 1800m.

0 søknader om tilskot til skogkultur

1 søknad om samarbeidstiltak. Prosjekt "Skog utan grenser"; er eit samarbeidstiltak med Skogeigarlaget Vest og ein del andre kommunar.

6 søknader om tilskot til skogsvegar (NMSK og kommunalt tilskot). 2 innvilga 4 på vent. Kostnadsramme her ca. 2,7 mill.

#### **Viltforvaltning**

Hjortebestanden på Tysnes er fortsatt svært høg. I 2004 vart det felt 320 dyr av totalt tildelte fellingsløyver på 373 dyr. Dette er om lag som for 2003. Fellingsprosenten (86%) og tilbake-melding frå valda tyder på at bestanden fortsatt er svært stor. Skadeomfanget på innmark, beite og skog tyder også på at hjortestamma er stor og for stor enkelte stader. Det har vore gjennomført vårteljning og sett hjort registrering for tredje året på rad. Resultata av dette materialet tyder også på at stamma er stor og kanskje også fortsatt veksande. Målsetjinga om å redusera hjortebestanden generelt for heile Tysnes bør derfor verta ståande.

Grunneigarstyrt hjorteforvaltning: Kommunen har vedteke å gå ut litt meir offensivt for å forsøka å nå sentrale politiske mål om 50% grunneigarstyrt forvaltning innan år 2006.

**Småvilt og fiskeforvaltning:** Det skjer absolutt ingenting innanfor desse områda i kommunal regi. Ser ingen private initiativ heller. "Forhåpentlegvis" kan ei betre styrt hjorteforvaltning også setja fart i småvilt og fiskeforvaltninga i kommunen. Det er ein stor uutnytta ressurs.

#### **Oppmålingsavdelinga**

##### **Kart og oppmåling**

Det har vore god budsjettoppnåing for 2004. Kartlegging av strekkja Hodnanes-Lukksund vart ferdig konstruert heilt på slutten av 2004. Målet med oppsetjing av vegnamnskilt i område Teigland-Våge er nådd .Kommunen har føreteke kontrollmålingar av fastmerker i Tysnes som grunnlag for overgang til Euref89. Overgang til EUREF89 for Sunnhordland vart først sett til 01.01.2005. Men slik det no ser ut vil ikkje overgangen kome før seinare på året 2005.

##### Målsetjing for 2005

Målsetjing å få innført off.adr. i område Teigland-Våge. Arbeidet er i gong.

Sjølv om samarbeidet om GPS-måleutstyr med Fusa fungerer bra er det eit mål at kommunen må få sitt eige GPS-utstyr . Dette for å få større effektivitet .  
I Tysnes er det eit mål å få laga Ortofoto i 2005 .

### Delingssaker

STATISTIKK OPPMÅLINGS- AVDELINGA	2001	2002	2003	2004
Målebrev produsert	18	35	55	36
Tinglyste målebrev	17	9	3	14
Tinglyste målebrev totalt dette året		14	15	28
Målebrev produsert, ikkje tinglyst	5	26	52	22
Mellombels forretningar	8	3	8	14
Tinglyste mellombels forretningar	1	3	1	13
Mellombels forretningar, ikkje tinglyst	7	0	7	1
Tinglyste registreringsbrev		0	0	0
Registreringsbrev ikkje tinglyste		2	2	0
Kravde kartforretningar	35	41	82	55
Seksjoneringar			1	1
Saker i LANDBRUK\TEKNISK	4		4	1

### **Utvikling i gebyrinntekter**

	2002	2003	2004
Budsjett	350.000,-	366.000,-	419.000,-
Rekneskap	365.982,-	366.000,-	501.110,-

### *Selde tomter*

Totalt i "Vågsmarka 5" er det 8 tomter som enten er selde eller er tildelt.

### **Areal- og byggesaker**

Endringar i plan- og bygningslova har medført store endringar og krav til meir omfattande sakshandsaming. På grunn av vanlege driftsoppgåver, saksmengde og pågang vart det heller ikkje i 2004 prioritert tilstrekkeleg opplæring og tileigning av kompetanse for handheving av ny lovendring på ein tilfredsstillande måte.

Handsamingsrutiner. Er betra. Grunna stor saksmengde er me framleis litt på etterskot.

Inntektsutvikling. Bette enn forventa. Var på om lag 81% meir enn budsjettet. Må sjåast i samanheng med sakstype og ikkje direkte saksmengde.

Utvikling i saksmengde.

PBL.	200 0	200 1	200 2	200 3	200 4
Bygningsråd/ UIII/ L/T	160	164	185	283	293

totalt					
Andel delegasjonssaker	94	62	116	137	124

Tabellen angjev **berre** saker som er handsama etter plan - og bygningsloven og Forskrift om utslepp fra separate avløpsanlegg m.m. For andre type saker som er handsama etter jordlova, skoglov m. m. vert det vist til anna programområde.

Sjølv om det ligg føre ny arealdel til kommuneplanen er det framleis førespurnader, søknader og klagesaker i LNF -områda. Desse sakene krev ei relativt omfattande sakshandsaming. Sakshandsamingstid er her om lag 6mnd grunna politisk handsaming i min. to møter. I tillegg kjem handsaming i fylket hos henholdsvis fylkesmannen og fylkesrådmannen m.fl.

#### *Mål for 2005*

Kortare sakshandsamingstid.

Innkjøp av dataprogram for betre sakshandsamingsrutiner.

Opplæring og kursing av sakshandsamarane inkl. forkontorpersonell.

Betring av sjølvfinansieringsprosent.

#### **Brannvern - og feiing**

Garasje/brannstasjon. Er moden for fornying. Gjeld særleg garderobar m.m.

Bilpark. Er tilfredsstillande. Eldre depotbil Ford Transit varebil 1974 modell, vart erstatta med ny bruktbil. Brannmeister og feiaren har innreidd bilen.

Sløkkjeutstyr. Er tilfredsstillande, men har trong for til dels omfattande vøling. Gjeld eldre pumper.

Redningsutstyr/frigjeringsutstyr. Er ikkje komplett. Behov for vinsj i samband med biluhell.

Røykdykking. Utstyret er tilfredsstillande. 3 nye røykdykkarsett er sett i drift. Brannvernet har enno ikkje operative røykdykkarar for alle fasar. Årsak: Manglande formell utdanning.

Personleg utstyr. Ein del personleg verneutstyr og vanleg forbruksmateriell må fornyast.

Kommunikasjonsutstyr og alarmering. Har fungert tilfredsstillande. Ein del materiell er modent for utskifting. Gjeld personsøkjarar og radioar.

Mannskap. Styrken ved hovudbrannstasjonen har vore tilfredsstillande. Avstand til brannstasjon gjer at einskilde mannskap har for stor forspenningstid i forhold til intensjonane i brannordninga. På Nymark er det etablert rode med fire mann. Dette mannskapet er i ein del av hovudstyrken. Vaktordning er ikkje etablert. På Reksteren har det ikkje lukkast å setja i verk same ordning som på Nymark.

Befal. Gjeldande brannordning føreset at brannvernet sitt overbefal skal bestå av brannsjef, varabrannsjef og ein brannmeister i heil stilling. For dei tre nemnde stillingskategoriane gjeld og vanleg beredskap og forspenningstid. Frå mai 1997 har kommunen vore uten varabrannsjef. Manglande overbefalsordning medfører auka belastning for brannsjefen. Det bør koma på plass ein varabrannsjef.

Opplæring for befall og mannskap. Ny reform krev omfattande opplæring som skal skje i regi av Norges brannskole. To befall har formell godkjent utdanning. Resterande del av mannskapet og befalet stettar ikkje krav til ny utdanningsreform. Feiaren og brannmeisteren manglar formell utdanning.

I 2004 fullførte 2 av mannskapet brevkurs i brannvern og 2 av mannskapet fullførte 5 dagars praktisk kurs v/Bergen Brannvesen. I tillegg til ekstern kursing har det og vore vanleg med intern opplæring og kursing. Øving i samband med varm røykdykking har skjedd på Stord. Dette er ei kostesam ordning som på sikt kan etablerast i kommunen. Er avhenging av øvingslokale og godkjent instruktør.

Særskilde brannobjekt/brannsyn. Brannsyn for § 13 objekt er starta opp. Kommunale bygg har vorte prioritert.

Utrykkingar.

	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004
Brann i bygning	6	2	1	3	0	2	2 (3)	3	1
Bilbrann	2	0	0	0	0	1	0	0	0
Pipebrann	10	2	1	0	0	4	1	11	1
Gras, lyng og mindre skogbrann	9	0	0	1	0	1		5	1.
Unødig alarm	1	2	1	2	2	2	1	0	0
Annen assistanse	0	3	1	5	0	3		4	2
Biluhell	0	1	0	1	2	2	3	4*	1
Meld. om skogbrann	0	0	0	0	0	0		1	0
(Bålbrenning m.v.)	0	2	1	1	0	1	1	1	1
Branntilløp i bygning	0	0	1	1	0	2		1	2
Sum utrykkingar	28	12	7	14	4	18	9(10)	30	9

\*2003 Eit biluhell med alvorleg personskade og eit biluhell med dødsfall.

Det går opp og ned her i denne verden. 2004 var eit relativt normalt år sett i relasjon til antall og type utrykkingar. Positivt med reduksjon i antall pipebrannar. Andelen brann i bygning ligg på det jamne. Det same gjeld branntilløp i bygning.

2 gonger vart det ytt bistand til Kvinnherad kommune. Eit tilfelle gjaldt mindre gras- og lyngbrann v/Ølve Hammarøy. Det andre tilfellet gjaldt båtbrann i Lukksund v/Malkenes. Spesielle omstende gjorde her at brannmannskap frå Ølve ikkje kunna møte fulltalig innan normal innsettid.

Brannøvingar, førebyggjande arbeid m.m. har vore tilfredsstillande. Gjeld øvingar med skular, barnehagar og institusjonar. Om lag 90 tilsette frå ulike kommunale skular, barnehagar og institusjonar deltok aktivt i Hordaland Brannbefall si øvingsvogn. Brannmeister og feiar var instruktørar.

Brannordninga vart godkjent av DBE i skriv av 09.11.98. Sjølv om brannordninga er godkjent er ikkje iverksetjing fullført på alle område.

Feiarvesen. Praktisk utøving av tenesta har fungert tilfredsstillande. Brannsyn på småhus har kome i gang, men mykje står att.

Feiaren må gå igjennom ei relativt omfattande kursing og utdanning i åra som kjem.

#### Mål for 2005

Førebyggjande arbeid og iverksetjing av brannordning må prioriterast. For å få gjennomført tilfredsstillande brannsyn, må delar av tenesten kjøpast.

Førebyggjande arbeid og iverksetjing av vanleg brannsyn i samband med utøving av feiartenesta.

Opplæring av eksisterande og nytt mannskap. Gjennomføring av lovpålagd grunnutdanning v/NBS. Gjeld og for både mannskapsstyrke, feiar og brannmeister.

Iverksetjing av rode Reksteren.

Kjøp av redningsutstyr/vinsj.

Kjøp av inspeksjonsutstyr for feiartenesta.

Vidareutvikling av rode Nymark.

Opplegg for proff debriefing etter spesielle hendingar.

Innkjøp av datautstyr/program for brann og feiartenesta.

Tilsetjing av varabrannsjef.